

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Domssøndagen – Kristi kongedag – 24. november 2019

Preiketekst: Joh 9, 39-41

Lesetekst I: 5 Mos 30,15-20

Lesetekst II: 1 Kor 15, 22-28

## Det siste ordet

I mange samanhengar kjennest det viktig og fint om ein får «det siste ordet». Ein tenkjer ofte at det er det som vert sagt til slutt i ein samtale eller debatt som vert ståande - det folk hugsar best. Vel, denne søndagen er det ei noko blanda «ære» å skulle få det siste ordet. Som skribent for teksten siste søndag i kyrkjeåret – sjølvaste domssøndagen, eller det som også vert kalla, Kristi kongedag – er eg i den situasjonen. Men det som ligg tungt på oss denne dagen, er det som skal seiast av vår Herre og Meister på *den aller siste dagen*, til slutt, i dommen. Det er det denne dagen og desse tekstane sterkt minner oss om.

### Moses og Paulus

Preiketeksten er svært kort, men innhaldsrik og utfordrande så det held. Men lat oss først sjå litt på lesetekstane. Herren talar til Moses og til folket på tampen av Moses sitt liv. Mange av oss har kjent på undring, ja nesten opprør, mot at Moses aldri fekk koma inn i det lova landet. Han svikta ved eitt høve, då folket fekk vatn på mirakuløst vis. Det var nok for den heilage Gud. I leseteksten vert Moses og folket – og me som les det nå i dag – stilt framføre det store valget: Liv eller død, det gode eller det vonde.

Leseteksten frå 1 Kor er med og legg grunnlaget for at denne dagen også vert kalla Kristi kongedag. Teksten fortel om det store som skal skje til slutt, når enden kjem og Jesus skal overta all makt etter at alle fiendar er rydda unna. Kor avgjerande for oss alle at me er på rett side då!

### Sjåande eller blinde

Den korte preiketeksten handlar i ein forstand om å sjå – eller å ikkje sjå, vera blind. Og at dette endåtil kan verta omsnudd i dommen. Den som ser, kan mista synet. Men den som ikkje ser, kan få synet sitt. At farisearane som stod rundt Jesus, undra seg, er det ingen grunn til å undra seg over! Me hadde nok stått der måpande me og, om me hadde høyrte Jesu tale. Me er kan henda blinde, me og? Ja, tenk om me ikkje ser! Bare trur at me ser, men eigentleg er me blinde!?

Dei tre versa i teksten er sluttsatsen på eit langt kapittel der det handlar om syn og blindskap. Jesus hadde lækt ein mann som var fødd blind. Jesu nære medarbeidarar, læresveinane, trudde då at enten han sjølv, eller foreldra hans, måtte ha synda, slik at han vart fødd blind, nærmast som ei straff for synd. Jesus avviser desse tankane. Nei, han lakte denne mannen for at Guds gjerning skulle verta synleg, både for mannen sjølv, foreldra hans, og alle andre i miljøet rundt han.

Jesus utfordra den vanlege tankegangen ekstra ved at han lakte denne mannen på ein sabbat. Dermed fekk Jesus klagemålet mot seg at han ikkje kunne vera av Gud (9,16), avdi han let dette skje på ein sabbat. Debatten er intens. Temperaturen høg. Mannen som fekk synet, er sjølv klar i sin tale og oppfatning (9,30 ff). Det handlar om å ottast Herren og bøya seg for han. Til slutt fell mannen fysisk ned framføre Meistren i tilbeding og seier enkelt: Eg trur, Herre! (9,38).

## Uvillige til å tru

Så handlar det altså ikkje bare om å sjå reint fysisk og faktisk. Men også om å ha eit rett syn på seg sjølv, og si eiga stilling framføre Meisteren. Og me treng å få sjå kven Jesus er - for oss. Kjenner me på at augo våre er lukka, må me be om at Han kan lata dei opp, slik at me ser.

Heile dette kapitlet er eit av fleire som gjennom hundreåra har vorte brukt for å stempla jødane som vrang og uvillige til å tru. Det hylekoret skal me definitivt ikkje ta del i. At det jødiske folket både i gamal tid og ny tid legg vekt på å halda sabbaten heilag, er noko av det som har halde dei saman som folk gjennom hundreåra, og gjennom utallige kriser og katastrofer.

Det er viktig å halda fram at ein jøde som tek imot Jesus Messias til frelse, ikkje treng å endra kultur og tradisjon for å tru. Dei messianske jødane, som dei helst vil kalla seg sjølve, held derfor framleis sabbaten heilag, og dei kjem saman til gudsteneste på denne dagen. Eg trur me har mykje å læra av dei, me som snart ikkje har nokon forskjell på dei sju vekedagane lenger.

Me har like mange sperrer for å tru me som ikkje er av jødisk ætt. Det er like vanskeleg for oss å gje Gud ære som det var og er for det jødiske folket. Me har i det heile tatt ingen ting å hovera over i møte med det jødiske folket. Tvert imot. Me har mykje å angra på og be om orsaking for.

Når den siste store dagen kjem, dommedag, skal me alle møta Gud. Då vert det ikkje spørsmål om etnisitet eller bakgrunn. Men om kvar me står i møte med Jesus Messias. Er me på høgre eller venstre sida hans? Ser me Jesus? Eller er me blinde? Blir det til liv eller død, frelse eller fortaping? Store spørsmål, ja visst. Nærgåande. Ja, sanneleg. Krevande å forkynna? Ja, det trur eg så godt som alle prestar og predikantar kjenner på.

## Trusvedkjenninga

Det er ein liten skilnad i måten me seier fram trusvedkjenninga på – kvar søndag i møte og gudsteneste – i andre delen av vedkjenninga, den som handlar om Jesus. Ikkje at det betyr så mykje frå eller til, men eg har undra meg over kvifor denne vesle skilnaden er der; kva bakgrunnen er, om det handlar om språk eller teologi, eller begge deler. Somme gonger seier me altså at Han (Jesus) skal «koma att derifrå *og* døma levande og døde». Medan andre gonger seier me «...koma att derifrå *for* å døma levande og døde». Altså bare dette: Enten eit «og» eller eit «for å». Hvis «for å» er det mest korrekte, så er jo det ei forsterking av dette leddet i trusvedkjenninga.

At Han skal koma att, er det såleis ingen tvil om. At det blir ein dom kjem sterkt fram både i bibeltekstar og trusvedkjenning. Og at det blir eit skilje mellom «levande og døde» - eller sjåande og blinde, for å nytta uttrykka frå teksten denne dagen.

Kongen kjem og set alt i rett skikk. Då skal Guds hus verta fullt. Heile kapittel 7 i Johannes Openberring gjev oss ei sterk skildring av dette, med både jødar og folk frå alle folkeslag samla rundt Lammet. I eit av versa der heiter det så sterkt og fint: Velsigninga og herlegdomen og visdomen og takken og æra og makta og styrken høyrer vår Gud til i all æve. Amen!

Medan me denne alvorstunge domssøndagen også tillet oss å kasta eit lite blikk framover ei veke, til eit nytt nådeår tek til, så får dette vera mitt siste ord!

God helg!

## Paul Odland

Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets  
[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)